



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-141
Arkivsaksnr: 23/480	Løpenr: 23/10754
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.11.2023	068/2023
Kommunestyret		

### Vedtak av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

#### 09.11.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Under handsaminga av saka hadde Arild Røen (H), Camilla Stavnes Hisdal (MDG) og Odd Arne Haga (FrP) nokre kommentarar/inngespel og spørsmål. Fungerande rådmann Karl Viken og kommunalsjef samfunnsutvikling, Hilde-Lill Våge, svara på spørsmåla og orienterte om at kommentarane/inngespela ville bli tekne med i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Kommentarane/inngespela gjaldt følgande:

- Arild Røen:** Viste til høyringssvaret frå Samnanger Næringsforum, og spurde om dette svaret blir teke omsyn til i det vidare arbeidet.
- Camilla Stavnes Hisdal:** Kommenterte kommunen sitt svar på høyringsinngespel frå Bergen og Hordaland Turlag om kunnskap om friluftsområde i kommunen. Ho kommenterte også at det hadde kome høyringsinngespel om at kommunen bør leggja høyringar utanom ferietida.
- Odd Arne Haga:** Syns ikkje at kommentarane frå Statsforvaltaren og Statens vegvesen som går på trafikktryggleik og trygg ferdsel til skule og aktivitetar retta mot barn og unge kom godt nok fram i merknadsskjemaet i saka.

Framlegget til rådmannen vart samråystes vedteke.

#### FORM- 068/2023 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, dagsett 20.09.2023 vedteke. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, dagsett 20.09.2023 vedteke. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

#### Dokument som er vedlagt:

Planprogram 20.09.2023

Merknadsskjema 18.09.2023  
Vestland fylkeskommune 24.08.2023  
Statsforvaltar 11.07.2023  
Statens vegvesen 29.06.2023  
Samnanger Næringsforum 11.08.2023  
Kystverket 28.07.2023  
BIR 12.07.2023  
Bergen og Hordaland Turlag  
Bergen brannvesen 10.07.2023

#### Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Det vart [varsla om oppstart av planarbeid](#) med kommuneplanens samfunnsdel den 22. juni 2023 og samstundes vart planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn, med frist for merknader 4. august 2023. Det kom eit par førespurnader om utsett frist for uttale, og siste uttale vart motteken 25. august. Totalt kom det inn 8 uttalar til oppstartsmeldinga med planprogram, og desse er vedlagde.

Merknadane er no oppsummerte i eit merknadsskjema, og det er lagt inn kommentarar og framlegg til endringar i planprogrammet. Merknadsskjemaet er vedlagd, og endringane er innarbeidde i planprogrammet.

I tråd med plan- og bygningslova § 11-13 er det kommunestyret som skal gjera vedtak av planprogrammet, slik at sjølve planarbeidet kan starta opp for fullt. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad (både internt og eksternt).

Faktagrunnlag, problemkildring og moglege løysingar:

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samnanger kommune gjorde sist vedtak av sin samfunnsdel i 2007 og planperioden gjekk ut i 2017. Kommunen sin arealdel vart sist vedteken i 2017/2018. Kommuneplanen skal i følgje lova ivareta både kommunale, regionale, og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør femna om alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i sin heilskap, og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vera grunnlag for sektorane sone planar og verksemd i kommunen, og den skal gje retningsliner for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd. Det er difor viktig med god forankring av planarbeidet i alle sektorar og einingar i kommunen, så vel som i kommunestyret.

#### Uttalar frå andre:

Alle innkomne uttalar er vedlagde, samt at dei er oppsummerte og svara ut i merknadsskjemaet. Uttalane som har ført til endringar eller presiseringar i planprogrammet er referert til under, medan dei som er gode råd og innspel å ta med seg vidare i arbeidsprosessen berre ligg i merknadsskjemaet.

**Kystverket** visar til at maritim verksemd, bruk av sjøen og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk, har ein naturleg plass i samfunnsplanlegginga. For slike aktivitetar er det viktig at samfunnsplanen vert framtidsretta og gir premissar for avklaring av arealbruk på sjø og land. Det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøareal i samanheng med eksisterande og framtidige nærings- og industriareal, vegar, bustad- og sentrumsområde mm. Alle vekstnæringar treng velfungerande logistikkløysingar.

**Svar:** Under kap. 3.7 Arealstrategi er det presisert at samfunnsplanlegginga både gjeld areal på sjø og på land.

**Statsforvaltaren** minner om «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027», og ber kommunen om å leggje desse til grunn i det vidare planarbeidet.

**Svar:** Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 er lagt til i planprogrammet.

**Statsforvaltaren** har spelt inn at både Regjeringa og Statsforvaltaren ønsker større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane sine planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar. SF vil difor rå kommunen til å innarbeide dette som eit eige punkt.

**Svar:** Samfunnstryggleik er tatt inn som eige tema under punkt 4 Utgreiingsbehov med følgjande tekst:

*Samfunnstryggleik er blitt eit stadig viktigare tema i all planlegging. I samband med samfunnsplanen må det gjerast ei vurdering av om samfunnstryggleiken er godt integrert i kommunens planverk og styringssystem slik at ein førebyggjer risiko for skade og tap av liv, helse, miljø og viktig infrastruktur, og ha god beredskap for ulykkessituasjoner m.v.*

**Statsforvaltaren** har spelt inn at naturmangfald er nemnt under hovudtema 3.2 klima og klimatilpassing, miljø og naturmangfald i planprogrammet, og dei hadde gjerne sett at temaet fekk meir merksemd sett i lys av kor viktig dette er for framtidige generasjonar.

**Svar:** I pkt 3.2 er naturmangfald lagt til og eit eige kulepunkt: *Korleis skal vi sikre naturmangfald og artsrikdomen i kommunen?*

**Statsforvaltaren** rår kommunen til å oppdatere registreringa av kjerneområde landbruk og kulturlandskap om det er lenge sidan det vart gjort ein slik gjennomgang, for å få betre grunnlag for vidare planlegging. Dei viser vidare til nasjonale forventningar til kommunal planlegging der det går fram at kommunane skal sikra viktige jordbruksområde og legga til rette for nye og grøne næringar i tilknyting til jordbruk og skogbruk.

**Svar:** I samband med kap 4 Utgreiingsbehov er det lagt inn registrering av kjerneområde for landbruk og viktige kulturlandskap som del av næringsanalysen. Korleis sikre viktige landbruksområde er også lagt inn i kap 3.7 Arealstrategi.

**Statsforvaltaren** registrerer at kommunen ha stor merksemd på næringsutvikling, men påpeikar at fiskeoppdrett/akvakultur ikkje er nemnt i planprogrammet. Dette er eit viktig og dagsaktuelt tema som kommunen bør adressere under nettopp hovudtemaet næringsutvikling. Det er viktig at miljøperspektivet ved næringa, og andre næringar, vert trekt frem for å sikre at utviklinga, og i sjøområda, vert berekraftig.

**Svar:** Under utgreiingsbehov Næringsanalyse er det lagt inn eit punkt om kartlegging av potensiale for fiskeoppdrett/akvakultur i sjø og på land. Dette vil også bli samordna med arbeidet med handsaming av kommunedelplan for akvakultur, som det skal haldast mekling med statsforvaltaren om i november.

**Bergen og Hordaland turlag** peikar på at naturen treng ei stemme i samfunnsplanarbeidet, og at natur- og friluftsorganisasjonane har denne rolla i demokratiet. Dei ber difor om at det vert gjeve rom for at representantar for organisasjonane kan delta i møter, og få invitasjonar til å gje innspel underveis. Dei ønsker også høyringsfristar der ein tek omsyn til evt. ferieavvikling. Turlaget rår kommunen til å vurdere om ein har nok kunnskap om kva viktige friluftslivsområde ein har i kommunen, om innbyggjarane sin bruk og oppleveling av desse, og kva folkehelseeffektar ein kan hente ut av satsing på tilrettelegging av nærtur.

**Svar:** I planprogrammet er det under kap 3.7 Arealstrategi tatt inn eit nytt punkt: Korleis sikrar vi tilgang til strandsona og viktige friluftsområde for ålmenta?

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Planprogrammet har vore gjennom ein god prosess med administrativ og politisk handsaming, offentleg ettersyn, merknadar og endringar på bakgrunn av desse. Me meiner at det vedlagde

planprogrammet gjev eit godt grunnlag for å gjennomføra utarbeidninga av samfunnsplanen på ein heilskapleg måte.

Rådmannen føreslår å gjera følgjande vedtak av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, dagsett 20.09.2023 vedteke. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.